



Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Næringsavdelinga
 Sak nr.: 15/11433-1

Val av medlemer til styret i Norsk Gassforum – valperioden 2015 - 2019

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

STYRET FOR NORSK GASSFORUM:

Medlem:

Første varamedlem:

Andre varamedlem:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Fylkestinget har i delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1 delegert til fylkesutvalet (som eventuelt kan delegere vidare til hovudutval) å føretal val og oppnemningar, med mindre det er fastsett i lov eller forskrift at fylkestinget ikkje har høve til å delegere denne kompetansen.

Ifølgje kommunelova § 17 trer folkevalde organ i funksjon frå det tidspunktet dei er valde. Funksjonstida for organ som ikkje vert valde på det konstituerande fylkestinget, vert automatisk forlenga inntil nyval skjer. Medlemane har då både rett og plikt til å bli sitjande.

Denne saka gjeld val til styret i Norsk Gassforum.

Norsk Gassforum

Norsk Gassforum (www.gassforum.no) har som formål å fremje bruk av gass i Norge. Fylkeskommunar eller kommunar eller regionale organ der fylkeskommune eller kommune er med, kan vere medlem. Desse er medlemer i dag: Telemark Gassforum, Agder Gassforum, Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Nord-Trøndelag fylkeskommune, Nordland fylkeskommune, Troms fylkeskommune og Finnmark fylkeskommune.

Styret består av éin representant med vararepresentantar frå kvar medlem. Kvar medlem stiller også med ein sekretær. Endringar i styrerrepresentasjon følgjer normalt valperioden til kommunestyre og fylkesting. I Sogn og Fjordane vart førre val gjort i FU-sak 151/11 (14. desember).

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore medlem i Norsk Gassforum frå og med 2003. Årskontingenget er for tida 55 000 kr. Vår styremedlem er i dag fylkesordførar Jenny Følling. Første varamedlem er Bjørn Hollevik.

Som andre varamedlem valde fylkesutvalet sist at «fylkesrådmannen peikar ut andre vararepresentant til styret». Dette vart gjort slik for at møtande sekretær kunne stille som styrerrepresentant i tilfelle forfall, utan å måtte innhente særskilt fullmakt. Seniorrådgjevar Audun Erik Sunde har vore sekretær for fylkeskommunen.